



## Mykje liv på HalloVenn

SIDE 13



# Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år.  
For utanbygds: kr 250,-.


**Utgjevar:**  **DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjell kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidedeilete:** Team Sulebakk og felleskor på HalloVenn. Foto: Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Fjell kyrkjelege fellesråd,  
Postboks 184, 5342 Straume

**Besøksdresse:** Fjell kyrkjekontor,  
Tytebærbrekko 2, Temahuset

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/fjell  
www.t-dagen.no

## Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Fjell kyrkjelege fellesråd:** 1503.84.35067

## Innleveringsfrist

for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 08. januar 2019

**Olav Martin Vik**

Kyrkjeverje og redaktør



## Leiar

Det er advent og snart er det jul. Me fyller denne tida på ulike måtar. Det er likevel viktig å ha klart for seg kva advent og jul handlar om. Det kan ein oppleve og høyre om ved å besøke gudstenestene i denne tida og elles i året.

Neste år på denne tida er kommunane Fjell, Sund og Øygarden inne i siste månaden som eigne kommunar. Det gjeld også dei kyrkjelege fellesråda, som følgjer kommunegrensene. Me er no inne i ein avgjerande fase når det gjeld vedtak om framtidens organisering og lokalisering av kyrkja sitt arbeid. Eg minner enno ein gong om at soknegrensene ikkje vert endra. Du kan lese litt meir om dette i bladet (s. 4).

Det er kyrkjeval i 2019 og sokneråda har starta førebuingssarbeidet. Det er sokneråda som er valstyre for

kyrkjevalet. Det skal veljast medlemmer til sokneråd og bispedømeråd. Frivillig engasjement i kyrkjelydane er viktig. Det gjeld også arbeid i dei kyrkjelege råda. Utan ein aktiv lokal kyrkjelyd vert det vanskeleg å drive eit berekraftig kristent arbeid.

Ved avslutning av 2018 vil eg gjerne løfte fram våre medarbeidarar som dette året, i tillegg til sine daglege gjeremål, har arbeida aktivt med å førebu ei samanslåing av fellesråda. Alvorleg sjukdom hos kollegaer har også prega oss. Be for arbeidet og våre medarbeidarar.

Takk for året 2018 og god jul.

Velkomen til tradisjonsrik *julefest* i kyrkjene!

*Landro kyrkje*

**Laurdag 5. januar kl. 16.00**

Stort kakebord, god musikk, juletrégang og andakt ved Anne Ludvigsen Kaldestad.

*Fjell kyrkje*

**Laurdag 5. januar kl. 17.00**

Andakt, underhaldning og juletrégang med meir!

*Foldnes kyrkje*

**Søndag 6. januar kl. 16.00**

Song, andakt, quiz og juletrégang. Servering av hot dog, kaffi og kaker.

Vi får og besøk langvegsfrå med noko godt til barna!  
Ta gjerne med julekakerestar eller noko anna godt å bite i til felles kakebord.

## Innhald

Nytt fellesråd frå 1.12.2019.....	4
Konfirmantleir på Skjergardsheimen.....	5
Konfirmantjubileum i Fjell kyrkje.....	6-7
Vil du blir Basecampvenn?.....	8-9
Basaren i Fjell kyrkje.....	11
Mykje liv på HalloVenn.....	13
T-dagane.....	14-15

## Andakta

# Sorterings- samfunnet

Eg skulle bruke ein kveldstime på å rydde i minstejenta sine klede. Tre timar seinare er rotet bredt seg til heile andre etasje, og eg angrar på at eg sette i gong. Boksar og posar med ulik merking står på rekkje og rad, mykje passar ikkje inn i kategoriane mine. Eg må organisere på nytt... men ikkje i kveld, no må eg berre finne ut kva tid eg skulle ha den heim-skule-samtalen til veka, eg går for å leite i haugen av papir. Rekningar, ranselpost og skjema ligg i ei bunke, halvt gøymt under den store fruktskåla på kjøkenbenken vår. Skulle hatt boksar, tenkjer eg, der eg leitar gjennom bunka. Godt merkte, fancy og fine skulle dei ha vore óg. Eller kanskje eit eller anna genialt arkivssystem.

Eg sukkar halvhøgt og tar ein bit av det eine eplet som ligg i fruktskåla. Blikket mitt fester seg på kalenderen på veggen. Snart advent og jul. Tid for ettertanke. Og sortering. Eg kjenner brått at noko av behovet for å rydde dei ytre tinga i heimen nok skriv seg frå eit anna, mykje djupare behov. Trongen til å stanse opp og

sortere i hendingar, tankar, relasjonar og kjensler.

Skyene på himmelen denne hausten har vore mørkare enn vanleg. Sjukdom og andre uventa triste hendingar i nære relasjonar gjer noko med meg. Bibelen ligg også her ved fruktfatet. Ligg og sleng saman med alt rotet. Eg grip om han for å setje han bort i hylla. Men set meg



Foto: Marc Zimmer / Unsplash

i staden for ned ved kjøkenbordet. Opnar Bibelen og finn fram orda som gjev meg det eg treng mest av alt: Lyset som skin inn i livet mitt og hjelper meg til å rydde, sortere og prioritere. Eg trur verkeleg det. At orda i denne boka kan gje meg det eg treng og lengtar etter. På djupet. Og gje meg hjelp til å sjå kva som er viktig og kva som er mindre viktig i livet.

«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» Joh. 1:9.

Lyset frå Himmelen kjem inn i mitt kaos, i mitt mørke. Gud sjølv. Jesus Kristus. «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» Joh. 1:9. Eg trur, og erfarer, at dette ikkje berre er vakre ord frå ei gamal bok. Ordet er blitt levande og bur midt i blant oss!

Eg ønskjer ei god advent, med tid til å sortere. På djupet.

### Rannveig Vestbøstad Vik

Seksjonsleiar; barn og ungdom / kateket



# Organisering og lokalisering av nytt fellesråd frå 1.12.2019

Om eitt år er det nye fellesrådsområdet eit faktum. Namnet vert Øygarden kyrkjelege fellesråd. Prosjektleiari har no lagt fram si tilråding til kyrkjeleg fellesnemnd som har sendt tilrådinga på høyring hos sokneråda i Fjell, Foldnes, Landro, Sund og Øygarden.

TEKST: OLAV MARTIN VIK

## Medverknad om framtida

Utover i 2018 har tilsette i Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelege fellesråd arbeidd med å finne gode ordningar for organisering og lokalisering for det nye fellesrådet si verksemd. Dei tilsette har jobba med framtida i arbeidsgrupper. Også prestane har vore involvert i dette arbeidet. Det er viktig med god involvering.

## Prosjektleiari si tilråding til fellesnemnda

I store trekk er prosjektleiari si tilråding bygt på arbeidsgruppene si tilråding. Prosjektleiari si tilråding er på 83 sider og ein kan lesa alt på denne nettsida: [www.kyrkja.no/nyeoygarden](http://www.kyrkja.no/nyeoygarden)

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok i møte 24.10. å sende tilrådinga på uttale hos sokneråda. Fristen for å gi uttale er 22.11. og ein tek sikte på å gjere eit endeleg vedtak i fellesnemnda 4.12.2018.

Tilrådinga inneheld mange detaljar som omhandlar tilhøvet for dei tilsette, reglar og vedtekter og ei rekke formalia som ein må gjere vedtak om.

## Hovudtrekka om organisering

Det er viktig å ta godt vare på alt det gode arbeidet som skjer ute i sokna. Det er og viktig å presisere at sokna består. Det er fellesrådsområda som vert slått saman som følgje av kommunesamanslåinga.

Arbeidet vert organisert i seksjonar og team. Det er tilrådd å etablere 5 seksjonar: kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk, diakoni, born og unge og administrasjon. Seksjonane skal ha ein seksjonsleiari (for kvar seksjon). Leiaren skal m.a. ha eit fagleg ansvar og ansvar for at arbeidet som skjer er i samsvar med planar og budsjett for arbeidet.

Det er tilrådd ei ordning med team som kan arbeide på tvers av seksjonane sine fagområde. Teama er retta mot oppgåvene og tenesta som skal gjerast. I ei gudsteneste t.d. så har dei tilsette ulike rollar, men utgjer eit team. Slik er det også i barne- og ungdomsarbeidet (også konfirmantarbeidet). Ordninga med team kan vere krevjande organisatorisk og det må arbeidast vidare med dette utover i 2019, når ein eventuelt har fått godkjent ordninga med seksjonar.

## Diakoni

Slik det er i dag er det for få medarbeidarar som arbeider direkte med diakoni. Dette skuldast ikkje minst økonomiske rammer. Behovet er stort, men å få tilsette fleire innanfor dagens rammer er vanskeleg. Dette er eit tema som må følgjast opp framover.

## Frivillige

Det er mange frivillige i kyrkjelydane i Fjell, Sund og Øygarden.

Dei frivillige utgjer ein svært viktig ressurs. Tilrådinga peikar på at det er heilt naudsynt med frivillige i framtida og at ein må auke talet på frivillige og engasjerte menneske i kyrkjelyden sitt arbeid.

## Hovudtrekka om lokalisering

Prosjektleiari rår til at kyrkjekontora i Øygarden og Sund vert avvikla slik me kjenner dei i dag. Med omsyn til besøkstalet er det ikkje grunnlag for å oppretthalde kontora. Det meste av kommunikasjon skjer på telefon og e-post. Administrative funksjonar er tilrådd lagt til Straume. Det er tilrådd at det vert ein base i Sund og ein base i Øygarden. Her vil det vere kontor for prest, kyrkjelydspedagog, kontor og kyrkjetenarar. I Sund vert denne basen lagt til Sund kyrkje, der ein har kontor i dag. Når det gjeld Øygarden så må det avklarast lokale med den nye kommunen.

Kyrkjekontoret på Straume vert base for arbeidet i Fjell, Foldnes og Landro sokn. Her vil også kyrkjevevje og administrative funksjonar ha tilhald.

# Konfirmantleir på Skjergardsheimen

Sporløp, leirkveld, bibeltime, leikar, bønnevandring, misjon, kanopadling, nye vener og masse gøy!

TEKST OG FOTO: BEATE SØRHUS

Siste helga i oktober var det 70 ungdommar og leiarar på konfirmantleir på Skjergardsheimen. Gjennom mange ulike aktivitetar og samlingar fekk konfirmantane oppleve alt det beste med å vere på leir.

Og temaet som gjekk som ein rød tråd gjennom alt programmet var «Loved» – du er elska av Gud! Takk for ein flott leir saman!



# Konfirmantjubiläum 2018

Sidan 1969 har det vorte skipa til konfirmantjubiläum i Fjell kyrkje, så dette kan trygt kallast ein tradisjon.

TEKST: GERD FJELD ANDERSEN

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



75-årsjubilantane



70-årsjubilantane



60-årsjubilantane



50-årsjubilantane



40-årsjubilantane

I 1969 fekk vi ungdomsskule i Fjell, og konfirmasjonen vart frå då av lagt til våren. Sokneprest Utkilen meinte då at ein burde samle tidlegare konfirmantkull til gudsteneste i Fjell hausten 69, ettersom det då ikkje var konfirmasjon. Og slik vart det! Kulla frå 25, 40, 50, 60, 70 og tidlegare år vart inviterte, og kom saman til gudstenesta i kyrkja 21. september 1969. Frå kvart kull var det ei helsing til kyrkjelyden, der ein fortalde litt om korleis konfirmanttida var for sitt kull. Ei slik tilstelling viste seg at jubilantane syntes godt om, og frå då av vart denne tilstellinga årviss. I 1972 fekk vi kyrkjelydshus tilknytt kyrkja, og frå då av vart jubileumsdagen utvida med festsamvær etter gudstenesta.

Søndag 14. november var i underkant av 60 jubilantar frå kulla 1943, 1948, 1958, 1968 og 1978 samla i Fjell kyrkje til gudsteneste, middag og kaffi. Som tidlegare år, fekk vi høyre om dei forskjellige kulla si oppleving av «å gå for presten», om sjølve førebuinga, kva klede ein fekk, korleis samkoma var heime etterpå, kva som vart servert av mat, og ikkje minst kva ein fekk av gåver. Her har mykje endra seg sidan. 75-årsjubilantane hadde si førebuing og konfirmasjon i 1943.

Ei glad forsamling sytte for god stemning, det er tydeleg at det er mykje å snakka om og mange minner vert delt! Bjarte Nese, som også forretta under gudstenesta, leia oss på ein fin måte gjennom desse timane, og Royal Cateringservice hadde som vanleg ei god hand om mat og servering.



## En hilsen fra Terje Aannerød

Kjære venner. Mange av dere har fått med dere at jeg har vært sjukemeldt en stund.

Jeg fikk påvist kreft i tykktarmen med spredning til lungene, midt i september. Det er en sjelden og aggressiv kreftform jeg ikke kan bli kvitt. Jeg er i gang med cellegiftbehandling. Så langt ser det ut til at jeg responderer godt, og jeg har hatt lite bivirkninger av behandlingen fram til nå. Når bladet kommer i postkassene vet jeg enda mer om virkningen av cellegiften.

Jeg har fått mange vennlige hilsener etter at jeg ble sjuk. Mange forteller at de ber for meg, enda fler at de tenker på meg og sender gode tanker. Det rører meg dypt, og jeg er veldig takknemlig for den omsorgen som jeg omsluttet av. Det vil jeg takke for. Folk innenfor og utenfor

kirken har vist meg omsorg og vennlighet. Folk som er enige og folk som er uenige med meg i dype etiske og teologiske spørsmål forteller at de ber for meg. Jeg har opplevd en godhet jeg setter umåtelig pris på.

Samtidig vet jeg at det er mennesker i samme situasjon som meg, som kanskje ingen tenker på, eller vet om. Derfor har jeg en bønn til alle dere som ber, og som ber for meg om å se dere rundt. Er det noen rundt deg som kanskje ingen ber for. Kan du tenke deg å ta med han eller henne i bønnen når du ber for meg. Det ville gjøre meg enda mer glad og takknemlig.

Så tror jeg at Gud er nær, også i sykdom og vanskelige tider, og jeg opplever selv at det gir meg trygghet og håp midt i alt.

Siste gudstjeneste før jeg ble syk snakket jeg om at vi har lov til å både klage til Gud og takke han. Bibelen er full av både klage og takk. Folk klager, ja kjefter på Gud. Det er lov. Det tåler han. Og folk takker for det gode vi får oppleve. Jeg gjør begge deler. Det kan du også gjøre med det vanskelige – og det gode du opplever.

Ennå en gang, takk for omsorg og godhet. Jeg er takknemlig for forbønn også i tida framover. Og jeg er takknemlig for alle de gode folkene jeg har møtt, og møter i Fjell, som bryr seg om hverandre og deler av sin kjærlighet og godhet.

# Vi syng jula inn

**Fjell kyrkje** Fjell Barnekor  
Søndag 16. desember Fjell Tweenskor  
kl. 17.30 Sotra Reviderte  
Fjell Kyrkjebrass  
Mykje allsong

**Foldnes kyrkje** Solveig Mo  
Søndag 16. desember Foldnes Barnegospel  
kl. 17.30 Lukas TenSing  
Mannskoret Avogtil  
Mykje allsong

Det bli servering av julegløgg i begge kyrkjene etter arrangement! Kollekt.

# Vi syng jula inn

## Song og Musikk:

Nordre Fjell barne- og tweenskor  
Juleprosjektkor  
Elisabeth Breistrein Leganger  
og andre lokale aktører

## Andakt

Julegløgg etter arrangementet

Landro kyrkje  
9. desember  
kl. 17.30

Kollekt

# Velkommen!

# VIL DU BLI BASECAMPVENN?

Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak er et rus- og kriminalitetsforebyggende tiltak for ungdom mellom 13 og 25 år på Sartor Storsenter. Vi vil bidra til å realisere drømmen til ungdom om et godt liv. Ukentlig er vi i kontakt med ungdommer som trenger hjelp av forskjellige art og vi vet at vi betyr en forskjell i mange ungdommers liv. Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak har tre eiere: Sartor Storsenter, Fjell kommune og Fjell kirkelige fellesråd. Vi finansieres av eierne våre, prosjektmidler og gaver vi mottar fra andre. Nå er vårt spørsmål til deg: «Vil du bli med på laget, støtte oss økonomisk og bli en Basecampvenn?»



FØLG OSS PÅ FACEBOOK, INSTAGRAM OG SNAPCHAT!



# Kontakt oss

Ta gjerne kontakt om du ønsker å vite mer om oss. Tlf: 99 46 88 70. Mail: basecamp@fjell.kommune.no.  
Besøksadresse: 3 etg. over Burger King på Sartor Storsenter eller Sartorvegen 16.

## Om avtalegiro

- AvtaleGiro er en enkel, sikker og rimelig betalingsmåte
- Enkelt: Med AvtaleGiro ordner banken for deg din faste beløpsoverføring til oss. Det er enkelt å inngå avtalen, du kan enkelt kontrollere at rett beløp er overført til rett tid på kontoen din, og den er enkel å avslutte.
- Sikker: AvtaleGiro er trygt og sikkert. Banken administrerer de faste betalingene under strenge krav.
- Tidsbesparende: AvtaleGiro er tidsbesparende både for deg som giver og oss som mottaker. Du fyller bare ut slippen under og din del av jobben er gjort. AvtaleGiro sparer også oss for mye ekstraarbeid, slik at vår tid kan brukes på viktigere ting enn administrasjon.
- Greit å vite: AvtaleGiro er ikke det samme som "Faste oppdrag» over nettbank. Gavebløp over nettbank må nemlig registreres manuelt av oss. Vi er derfor takknemlig om du vil benytte AvtaleGiro.
- Kom i gang: Fyll ut svarkupongen, signér og lever den til oss. Av sikkerhetshensyn ber banken om at du oppgir en maksimal beløpsgrense pr. trekk, men du vil selvfølgelig bare bli trukket for beløpet du har oppgitt. Firmaer kan også få skattefradrag.

## Svarkupong

### JA, JEG VIL BENYTT AVTALEGIRO OG GI FAST MÅNEDLIG GAVE TIL FOREINGA BASECAMP UNGDOMSDIAKONITILTAK

*Jeg ønsker skattefradrag. Mitt fødselsnummer er:*

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

(Firma/bedrifter skriver organisasjonsnummer 9 siffer)

#### Avtale Giro

**Mottaker:** Foreininga Basecamp  
ungdomsdiakonitiltak  
**Mottakers konto** 1503.84.37612

**Beløpet trekkes fra mitt kontonummer**

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Beløpet trekkes den 20.nde i måneden.

Jeg ønsker ikke å motta varsel i forkant av betalingen.  
(Basecamp sparer bankgebyr).

**Sted** \_\_\_\_\_ **Dato** \_\_\_\_\_

**Underskrift** \_\_\_\_\_

**Månedlig trekk:** Kr. \_\_\_\_\_

**Beløpsgrense pr. trekk** Kr. \_\_\_\_\_  
(Bør være høyere enn gavebeløp i tilfelle du vil øke gavebeløpet senere)

**Navn**

\_\_\_\_\_  
Blokkbokstaver

**Adresse** \_\_\_\_\_

**Postnr/sted** \_\_\_\_\_

**E-post** \_\_\_\_\_

**Tlf** \_\_\_\_\_

**KID (fylles ut av Basecamp)**

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

**Avtalen leveres/sendes i lukket konvolutt til**

**Foreininga Basecamp Ungdomsdiakonitiltak  
c/o Fjell kyrkjekontor, Boks 184  
5342 Straume**



# Dåp

## Kyrkja inviterer til dåp! Men invitasjonen kjem ikkje lenger i postkassa.

I mange år har kyrkja fått fødselsmeldingar fra Folkeregisteret når medlemar i Den norske kyrkja har fått barn. Det er det no slutt på, på grunn av ny personvernlov.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste. Dei fleste barn blir døypte når dei er omlag tre månader.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)



**DEN NORSKE KYRKJA**

Fjell kyrkjelege fellesråd

# Basar i Fjell kyrkje

TEKST: ANNE ELISABETH HORNNES

FOTO: BEATE SØRHHUS



Ein regnfull laurdag ettermiddag i november vart det arrangert basar i Fjell kyrkje. Tweenskoret song for dei framme og Maria Tveten held ein kort andakt der ho reflekterte rundt songane som koret song.

Etterpå var det god basarstemning i kyrkjelydssalen. Det var mykje god prat over ein kopp kaffi og kaker til. Loddsalet gjekk strålende og mange flotte gevinstar fant vegen til nøgde vinnarar i eit raskt tempo. Viss du ikkje fekk kjøpt nok årer denne gongen, vert det nye sjansar til hausten igjen.

Takk til dei som bidrog med gevinstar til basaren!

Utover våren held basargruppa til i kyrkjelydssalen for å planlegge ny basar. Vil du vere med der er du hjarteleg velkomen til det. Følg med på facebook-sida til Fjell kyrkje så finn du info der.

## Sotra Reviderte

Koret Sotra Reviderte har vore gjennom ein hektisk haust så langt.

Mozart's Requiem i september (Åsane og Skjold kirke), Elington's Sacred Concert i oktober (Austevoll/Storebø kyrkje saman med Sotra Storband), Evensong etter anglikansk tradisjon i november (Fjell kyrkje), og endå står jula att.

På vårsemesteret ligg og eit variert og spennande program for koret.

Allereide tirsdag 15. januar held koret Nyårskonsert i Fjell kyrkje. Den 3. februar tek koret opp att Evensongen i Sund kyrkje saman med organist Irina Tarasova. Søndag 17. februar syng Sotra Reviderte i Nygård kirke i samband med arrangement Bibelsøndag.

På gospelkonserten som finn stad i Fjell kyrkje med Angela Prim og Elsa Harris tirsdag 12. mars er koret med ilag med Telos. Den 7. april er

koret med på fremføring av Eivind Skeie's *Visst skal våren komme*. Dette er i samarbeid med kyrkjekora i Øygarden og Sund.

Sotra Reviderte satsar og på ha ein eigen sumarkonsert i Fjell kyrkje søndag 9. juni, 1. pinsedag.

Du er velkomen til å vera med i koret!

*Dirigent Olav Sørheim*



# HVA ER JUL?

**JULEKONSERT MED  
TENSING LUKAS  
OG FOLDNES BARNEGOSPEL**

**1. DESEMBER  
I FOLDNES KIRKE  
KLOKKEN 17:00**

**GRATIS  
INNGANG  
KOLLEKT  
VED UTGANG**

**KAFE OG QUIZ  
ETTER KONSERTEN**

## Lillelørdag

**TEKST OG FOTO: MARIA TVETEN**

For dei av oss som hadde deler av ungdomstida vår på nittitalet, hugsar vi kanskje Bård Tuftte Johansen og Harald Eia som kvar onsdagskveld fekk oss til å rydda alt anna unna for å sjå på «Lillelørdag» på fjernsyn. Eg hadde ikkje høyrte om dette namnet på ein onsdag før dei introduserte det, men plutselig vart det litt fest i midt i veka og.

Det er det Lillelørdag i Foldnes kyrkje og er. Ein gong i månaden lagar vi mat ute, på bål eller stormkjøkken. Vi leikar og vi preikar. Det er ein fin stad å få nye vener, for vi er i lag heile tida. Så avsluttar vi med andakt og bibeldrama inne i kyrkerommet. Plutselig har det vore litt laurdag, på ein heilt vanleg onsdag. Ein skikkeleg Lillelørdag.

### LILLELØRDAG:

- For 5.-7. klasse
- Kl 18.00-20.00
- Vårens datoar: 09.01, 06.02, 06.03, 03.04, 08.05 og 05.06



Margrethe Sannarnes (fv) og Olivia Refvik steiker poteter på stormkjøkken

# Mykje liv på HalloVenn!

På allehelgensaftan 31. oktober vart HalloVenn arrangert i Ågotneshallen av Landro sokneråd og Metodistkirken for sjuande år på rad!

**TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Med over 500 mennesker tilstades, blei dette ei vellukka kveld. Saman med Team Sulebakk framførte Nordre Fjell barne- og tweenskor, Lyskasteren frå Øygarden, Fjell

barnekor og Joykids fleire songar. Etterpå var det hot dog, brus og godteri, og mange ulike aktivitetar. Her kunne ein velge alt frå å skyte mål mot Nest Sotra spelarar, hoppe

i hoppeslott, klatre på klatrevegg og mykje anna moro. Årets tema var gode venar på bondegarden, og det var mange kreative kostymer å sjå!



## T10 Tweens

**Når:** Fredag 19. oktober

**Kor:** Fjell kyrkje

**Kva:** Over 70 femteklassingar deltok på T10-dagen i år. I tillegg deltok mange andre «tweens» og ungdomar (frå femte klasse og oppover) denne gongen. Vi hadde også god hjelp av konfirmantar, «MILKarar» og foreldre. Det var mange ulike aktivitetar å velge mellom, og det var stor stemning heile kvelden. Vi håpar å sjå mange av desse «tweensa» igjen i åra som kjem, både på «Lillelaurdag» i Foldnes kyrkje, på tweensklubben og i tweenskoret i Fjell kyrkje, og i tweenskoret i Landro kyrkje. Velkomen!



## Velkommen på T-dagar!



Påmelding til, og info om alle T-dagane finn du på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller ved å ringe 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgne.

Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering. Trusoplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.

## Invitasjon til T-dagar

### T3 Advent

**Når:** Søndag 2. desember

**Kor:** Alle tre kyrkjene

**Kva:** Det er fyrste søndag i advent. Vi går inn i adventstida saman, og markerer dette med ei «T3 familiegudsteneste» i alle dei tre kyrkjene våre. Det blir utdeling av julebok til treåringane, kjekk og fargerik familiegudsteneste for alle, og deilig kyrkjekaffi med hobbybord etter gudstenesta. Velkomen til både små og store og midt i mellom!



### T9 Tårnagentdag

**Når:** Fredag 1. februar

**Kor:** Fjell kyrkje

**Kva:** Denne dagen er det planleggingsdag på dei fleste barneskulane i kommunen, og vi inviterer alle tredjeklassingar til å tilbringe heile denne dagen i Fjell kyrkje. Det blir ein «T9 Tårnagentdag», der tårnagentane skal få gå på oppdagingsferd i kyrkja og gjere mykje kjekt i lag.



### T8 Lat oss be

**Når:** Laurdag 16. februar, kl. 13–17

**Kor:** Foldnes kyrkje

**Kva:** Vi inviterer andreklassingane med heile familien (!) til T8-dag i Foldnes kyrkje. Dette er ein heilt flunkande ny T-dag som vi gler oss til å feire saman med dykk. Det blir mange ulike aktivitetar (til dømes ein heilt spesiell bønnevandring i kyrkjerommet) som de kan gjere saman som familie. Vi skal òg ha formingsaktivitatar, musikk og eit felles måltid. Velkomen!

### T4 Kyrkjeboka mi

**Når:** Søndag 17. februar

**Kor:** Alle tre kyrkjene

**Kva:** Det er «T4 familiegudsteneste» i alle dei tre kyrkjene våre. Det blir utdeling av «Mi eiga kyrkjebok» til dei som er fødte i fyrste halvår av 2015. Etterpå blir det deilig kyrkjekaffi. Velkomen med heile familien!

## Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 02. desember	11:00	Familiegudsteneste	Kari Burke-Romarheim	Nattverd	Misjonsprosjekt m. NMS Thailand
Laurdag 08. desember	13:00	Dåpsgudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Eige arbeid
Søndag 09. desember	18:00	Lysmesse	Vetle Karlsen Eide		Eige arbeid
Søndag 16. desember	17:30	Vi syng jula inn	Vetle Karlsen Eide		Ope offer
Julaftan 24. desember	14:30	Familiegudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Julaftan 24. desember	16:00	Familiegudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Juledag 25. desember	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Eige arbeid
2. juledag 26. desember	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp	NLA Høgskolen
Søndag 30. desember	17:00	Radiogudsteneste P7	Helge Unneland	Nattverd	
Søndag 06. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 13. januar 2019	11:00	Radiogudsteneste P7	Helge Unneland	Nattverd	KABB - Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte
Søndag 20. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp og nattverd	Menighetsfakultetet
Søndag 27. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp og nattverd	Eige arbeid

## Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 02. desember	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 09. desember	19:00	Lysmesse	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 16. desember	17:30	Vi syng jula inn			Eige arbeid
Julaftan 24. desember	14:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Julaftan 24. desember	16:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Juledag 25. desember	12:00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp og nattverd	KIA - Kristent Interkulturelt arbeid
Søndag 13. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp og nattverd	Himalpartner
Søndag 20. januar 2019	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 27. januar 2019	19:00	Bibel, bønn og lovsong		Nattverd	Bibelselskapet

## Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 02. desember	11:00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Misjonsprosjekt m. NMS Thailand
Søndag 09. desember	17:30	Vi syng jula inn	Bjarte Nese		Eige arbeid
Søndag 16. desember	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp og nattverd	Institutt for sjelesorg; Modum
Julaftan 24. desember	14:30	Gudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens Nødhjelp
Julaftan 24. desember	16:00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens Nødhjelp
Juledag 25. desember	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Nyårsdag 01. januar 2019	12:00	Gudsteneste		Nattverd	Amathea
Søndag 13. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	
Søndag 20. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp og nattverd	
Søndag 27. januar 2019	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	

Med atterhald om endringar. Sjå også [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell) for gudstenesteoversikt.



## Fjell kyrkje

## Døyppte

14.10.2018

Tobias Lie Skålevik  
Karl Martin Eriksson Algrøy  
Amanda Isabel Covarrubias

21.10.2018

Sarah Emilie Bø Gjøen  
Olivia Østerbø  
Valentino Bergtun Dahl

27.10.2018

Mathias Hansen Vik  
Elias Økland Sulen  
Sunniva Mykletun Spilde  
Kasper Riiber Monsen

11.11.2018

Serine Skålevik Hjønnnevåg  
Mikkel Morlandstø

## Døde

Nils Olai Syltøy f. 1931  
Gunnar Knapskog f. 1933

*Dersom du saknar informasjon om døyppte eller vigde:*

*Personvernreglane gjer at me må ha samtykke om publisering av namn på døyppte og vigde.*

*Slikt samtykke vert innhenta før publisering.*

## Foldnes kyrkje

## Døyppte

07.10.2018

Magnus Næss  
Max Franche  
Live Samuelsen Grøttveit

21.10.2018

Iver Håland Sande  
Sarah Elisabeth Hjortland  
Nora Adelen Olsen Emblem

## Døde

Håkon Hop f. 1932  
Amalie Sofie Mathisen f. 2018  
Steinar Halvorsen f. 1963

## Landro kyrkje

## Døyppte

14.10.2018

Viljar Venge Nesbø  
Mikkel Sakarias Kålås

11.11.2018

Emine Bernhardsen Fjellhaug  
Leander Milan Sviggum-Kolltveit  
Malvin Andersen Lønøy

## Døde

Martha Olufine Misje f. 1927  
Helge Solsvik f. 1942  
Gjertrud Margrete Ågotnes f. 1941

Vår Herre Jesus Kristus seier

"Eg er oppstoda og livet.  
Den som trur på meg, skal  
leve om han så døyr. Og  
kvar den som trur på meg,  
skal i all æve ikkje døy."  
Joh. 11. 25-26

## Konsertar

## Konsert

Konsert	Dato	Kl.	Pris	Stad
Stille natt hellige natt	30. november	17:30	450,- (m. OBOS 366,-) Ticketmaster	Fjell kyrkje
Lukas TenSing & Foldnes Barnegospel	01. desember	17:00	Gratis/kollekt	Foldnes kyrkje
Vår Jul m. Maria Arredondo & Torstein Sødal	03. desember	19:00	375,- Ticketmaster	Fjell kyrkje
RAMP adventskonsert	04. desember	19:30	Gratis	Foldnes kyrkje
Mikael Järlestrand	05. desember	20:00	Gratis/kollekt	Foldnes kyrkje
Julekonsert med Fjellkoret & Sotra Storband	08. desember	18:00	250,- ved inngang	Foldnes kyrkje
Fjell kulturskulekor — Ottesong	12. desember	18:30	Open generalprøve	Foldnes kyrkje
Fjell kulturskulekor — Ottesong	13. desember	07:00	Gratis / kollekt til Redd Barna	Foldnes kyrkje
Musikklaget Fjellklang Julekonsert	15. desember	18:00		Foldnes kyrkje



Påmelding på  
[www.kyrkja.no/funk/](http://www.kyrkja.no/funk/)  
adventsfest

## Adventsfest

15. desember  
Fjell kyrkje  
kl. 19.00

## Sotra Omegn


BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en  
tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



## Gravferds hjelpen

Vi kan hjelpe til med  
rådgivning og tilrettelegging  
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 27 28 29  
www.gravferdshjelpen.no  
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen



- koldtbord kr 229,- pr. pers
- snitter kr 25,-
- marsipankake 500,-

**Leves**  
bakeri &  
catering

for bestilling ring 56333310/56334410  
vi holder til på Kolltveit Kai



Leirstedet til IMF  
Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -  
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til  
små og store anledninger -

Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted

Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



## Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

## Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS  
har fusjonert med  
Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210 • E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) • [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203

Fax. 56 32 08 75



**Bjorgvin** Døgnvakt 55 20 23 00  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no)

Tlf: 920 41 950 [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenseanlegg

**Kontakt:**  
**August Norge AS**  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befaring!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

**Tlf. 56 33 11 50**

Ny adresse:  
Idrettsvegen 113 C



[www.royal-cateringservice.no](http://www.royal-cateringservice.no)

## Kontaktinfo

### Soknerådsleiarane

**Fjell sokneråd:**  
Anne Elisabeth Møvik Hornnes  
e-post: aehornne@online.no

**Foldnes sokneråd:**  
Per Helge Refvik  
e-post: perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**  
Dag-Olav Bjørøy  
e-post: bjoeroy@online.no

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

## v:pps

Fjell kyrkjelege  
fellesråd: 82511

Foreningen  
Basecamp:  
76162

Fjell kyrkje:  
80304

Foldnes kyrkje:  
76022

Landro kyrkje:  
96889

Merk meldingen  
med føremål  
og dato.

Takk for di gåve!

### Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss  
kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta  
kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarte Nese	55 09 74 52
Sokneprest Maria Tveten	55 09 74 46/ 450 63 016
Soknediakon Torbjørn Fjøren	55 09 74 47/ 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Jon Andreas Tjentland	994 68 870/ 905 16 472
Sentralbord	55 09 74 40

### Kontakt med preste- tenester i Fjell

Ved behov for teneste frå prest (til dømes  
dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg og  
støtte i kritiske situasjonar) skal ein ta kontakt  
med kyrkjekontoret på dagtid (10.00-14.00):

**55 09 74 40**

# T1

[www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)

T1-dag med  
**laby Song**

Velkomen til babysong, lunsj og  
felleskap ein eller fleire av desse  
måndagane kl 10.30-12.30:

- 21. januar: Landro kyrkje
- 18. februar: Fjell kyrkje
- 18. mars: Foldnes kyrkje
- 29. april: Landro kyrkje
- 27. mai: Fjell kyrkje
- 3. juni: Foldnes kyrkje

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)



## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon  
og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

 **KIRKENS  
SOS**

Å snakke med folk om livet gir mening.



### Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje  
får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det  
viktig at vi får beskjed om dette slik at vi  
får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller  
[post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no) ved  
manglande levering.

# Barnekryssord



## Vannrett:

1. Høytid
4. Bøye knærne
6. Katt
7. Smart
9. Ytret

## Loddrett:

1. Julas hovedperson
2. Norsk villdyr
3. Skratte
4. Kåre Pedersen
5. Ingenting
8. Thor Heyerdahls båt

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personer på Burger King Sartor!



Send inn kryssord til:  
Fjell kyrkjekontor  
PB 184, 5342 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord


Vinnar av Barnekryssord i nr. 5 – 2018:  
Ragnhild Skjold  
frå Straume

Namn:.....

Adresse.....

.....

Returadresse:  
Fjell kyrkjekontor  
Postboks 184  
5342 Straume



## Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

### Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.  
Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00.  
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- KM Kluzz:** Cirka ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30.  
For heile familien.  
Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnespel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland tlf. 977 55 938
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden.  
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Ungdomslaurdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik tlf. 415 07 011
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden.  
Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

### Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.  
Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Retreatkvelder:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00.  
Tekstlesing, musikk og bøn.  
Kontaktperson: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00.  
For deg som går i 5. klasse og oppover.  
Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblat Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30.  
Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988
- Fjell barne- og tweenskor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen tlf. 411 22 323.  
Tweenskoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 18.00–19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016

### Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag.  
Tale, lovsong og sosialt samvere.  
Kontakt: Torbjørn Fjøren tlf. 55 09 74 47
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00.  
For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52
- Nordre Fjell Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.35 kvar tysdag.
- Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.40–19.45 kvar tysdag.  
Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00.  
Fellesskap med god mat, undervisning og song.  
Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Landroklubben:** I kyrkjelydssalen annankvar fredag kl. 18.30–22.30.  
8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52